



Ingrid Kjellaug Sæverås
Sævråsvegen 406
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1022 - 18/9945

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2018

Melding om feil på slamavskiljar - gbnr 42/19 Sævrås

Lindås kommune har 19.03.2018 motteke melding frå føretaket Norva24 om mangla dykkutløp på eksisterande slamavskiljar eigedommen gbnr. 42/19.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

I følgje septik24 sine opplysningar har eigedommen avlaupsløysing med slamavskiljar på 3 m³, men vi kan ikkje sjå i våre arkiv at det er gjeve utsleppsløyve, og truleg er dette eit eldre anlegg.

Administrasjonen vurderer det slik at det er naudsynt å skifte ut eksisterande slamavskiljar med ei ny og større tank.

I høve dette må De søkja om utsleppsløyve og oppgradering av avlaupsanlegg. For slamavskiljar er det eit krav at avlaupsleidning førast ut i sjø, slik at dette må skildrast i søknad.

Det må straks setjast i verk tiltak for å hindra vidare forureining på eigedomen din. I denne saka er det sett krav til utskifting av eksisterande slamutskiljar med ei ny og større tank som stettar dagens krav. Vidare er det sett krav til søknad om nytt utslepp. Frist for tilbakemelding vert sett til 26.04.2018.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta eksisterande avlaupsanlegg ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

